



ADU Ingeniør Atle D Utkilen
Ingjerd Haugen
5953 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/524 - 15/3347

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

12.02.2015

Ferdigattest - gbnr 121/7 Knarvik - bustad

Tiltakshavar: Bente Knarvik , 5916 Isdalstø

Ansvarleg søkjar: Ing. Atle D. Utkilen, 5953 Fønnes

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 99.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 04.11.2008. Det vert elles vist til søknad motteken 11.02.2015.

Det vert også søkt om ansvarsrett for «oppmåling av plassering av bustad på tomten» . Slik søknad har ansvarleg føretak ikkje sendt inn tidlegare.

Skildring

Adresse:	Knarvikgarden 89
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300037976
Bruksareal:	189 m ²
Avlaup:	Privat kloakk med slamavskiljar tilknytt offentleg leidning.
Vatn:	Privat vassforsyning.
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 99 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gnr. 121, bnr. 7. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve.

VURDERING

Kommunen finn etter ei vurdering av søknad om ansvarsrett for oppmåling at denne kan godkjennast. Med heimel i plan- og bygningslova §§93b, 98 og 98a gjev kommunen ansvarsrett for følgjande føretak:

Føretak	*L/S	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org. nummer
Vest Oppmåling AS	S	UTF/KUT, T1, oppmåling av plassering av bustad på tomten	987321679

*L = lokal godkjenning, S = sentral godkjenning.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NGIR	Kjevikdalen	5956	HUNDVIN
------	-------------	------	---------

Mottakarar:

ADU Ingeniør Atle D Utkilen		5953	FONNES
Bente Knarvik	Orresteinen 17G	5916	ISDALSTØ